

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO:
SAKSHANDSAMAR: På Iden (Kari Guldbrandsøy/Marie Wåtevik)
SAKA GJELD: **Strategi for det regionale arbeidet med kvalitetsregister
2016 - 2020**

ARKIVSAK: 2017/95
STYRESAK: **014/17**

STYREMØTE: **02.02. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til hovudpunkta i «Strategi for det regionale arbeidet med medisinske kvalitetsregister i Helse Vest 2016-2020»

Oppsummering

Kvalitetsregister er eit satsingsfelt i Helse Vest. Medisinske kvalitetsregister vert oppretta for å dokumentere behandlingsaktivitet og -resultat for kvalitetsforbetring og forskning. Styret i Helse Vest vedtok i styresak nr. 048/13, den tidlegare strategien for arbeidet med kvalitetsregister 2012-2015. Det er no utarbeidd ein strategi for 2016 -2020 (vedlegg 1) med 11 hovudmål. Framlegg til strategi og handlingsplan for kvalitetsregister i Helse Vest blir her lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Fakta

Medisinske kvalitetsregister er registre som kontinuerleg dokumenterer behandlingsprosess, behandlingskvalitet og behandlingsresultat for ei gitt pasientgruppe med utgangspunkt i individuelle behandlingløp. Eit register skal inkludere pasientrapporterte data (PROMS Patient reported outcome measures (resultat)/ PREMS Patient reported experience measures (erfaringer) som beskriv pasientane si eiga oppleving av resultat og prosess. Data frå medisinske kvalitetsregister gir grunnlag for å evaluere kvalitet og helsegevinst og dannar grunnlag for fagleg forbetningsarbeid, forskning og styring. Pr. 2016 er det 56 kvalitetsregister med nasjonal status i Noreg, og 18 av desse er forankra i Helse Vest (vedlegg 2).

Det er «Interregional styringsgruppe for dei nasjonale medisinske kvalitetsregistre i Norge», som har utarbeidd føringane for dei regionale strategiane i «Nasjonal strategi for det regionale arbeidet med medisinske kvalitetsregistre 2016-2020». I gruppa deltek ein RHF-representant og ein registerkyndig person frå kvar region. Føringane blei vedtekne 30.mars 2016, og endeleg godkjent av gruppa i juli 2016 etter at strategien hadde vore på høyring i RHFa og i regionale brukarutval.

Gruppa peiker på nokre utfordringar for nasjonale medisinske kvalitetsregister, mellom anna: mangel på eit formålstenleg heimelsgrunnlag for kvalitetsregister, utilstrekkelege ressursar knytt til innregistrering, utvikling og drift av kvalitetsregister, mangel på tenlege IKT-løysingar, manglande strukturert elektronisk pasientjournal.

Interregional styringsgruppe viser til behov for innsats for å møte desse utfordringane på lokalt og regionalt plan, men ikkje minst i overordna regionale og nasjonale samanhengar. Strategien har 11 hovudmål:

- Høg datakvalitet og dekningsgrad
- Kvalitetsforbetring og leining – auka bruk av resultat
- Utvikling av nasjonale kvalitetsindikatorar
- Auka pasienttryggleik
- Auka pasient- og brukarmedverknad
- Auka bruk av kvalitetsregister i forskning
- Hensiktsmessige registerstrukturar
- Formålstenleg heimelsgrunnlag

- Effektive og robuste IKT-løysingar
- Tilstrekkelege økonomiske rammevilkår
- Tydeleg og effektiv organisering av arbeidet med medisinske kvaliteteregister

Strategien har vore framlagt i fagdirektørmøtet i Helse Vest 08.09.16 og 10.11.16, siste gongen etter ei høyringsrunde i helseføretaka i regionen.

Kommentarar

Helse Vest skal framleis vere ein god vert og leggje til rette for oppretting og drift av nasjonale kvalitetsregister der ein finn behov.

Strategien gjeld for arbeidet med nasjonale, regionale og lokale register, men det er lagt vekt på dei særskilte nasjonale krava som gjeld for register med nasjonal status. Bruk av data frå kvalitetsregister til forbetningsarbeid, styring og forskning er gjennomgåande vektlagt.

Satsinga på kvalitetsregister må sjåast i samanheng med arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik i regionen.

Strategien er forankra i andre kvalitetsstrategiar i Helse Vest.

Det vert utarbeidd ein handlingsplan for oppfølging av strategien.

Konklusjon

Det blir gjort framlegg om strategi 2016-2020 for satsinga på arbeidet med medisinske kvalitetsregister i Helse Vest.

Vedlegg:

1. Strategi for det regionale arbeidet med medisinske kvalitetsregistre i Helse Vest 2016-2020
2. Oversikt over kvalitetsregister i Helse Vest med nasjonal status; lenke <https://helse-bergen.no/om-oss/registre-i-helse-vest>